



KVINNHERAD
K O M M U N E

Rådmannen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Odd Ivar Øvregård		2013/7-23		13.12.2017

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - krav til fylkeskommunen

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger – krav om at fylkeskommunen sitt planvedtak vert oppheva/endra av departementet

1. Krav om oppheving/ending av fylkeskommunen sitt planvedtak

Hordaland Fylkeskommunen vedtok i oktober 2017 ein regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Planen gav retningslinjer for arealdisponering av sjøareal og landareal, og var vedteken med heimel i plan- og bygningslova kapittel 8.

Kvinnherad kommune har vesentlege innvendingar både mot planens mål, slik det i praksis er komme til uttrykk i planen, og planens retningslinjer. Med utgangspunkt i plan- og bygningslova § 8-4 vil Kvinnherad kommune be om at departementet enten opphevar, eller gjer vesentlege endringar, i den plan som fylkeskommunen vedtok.

I brev til Hordaland fylkeskommune av 23. mai 2017 gav Kvinnherad kommune uttrykk for motstand mot at planen vart vedteken i den form framlagt utkast som då var på høyring hadde. Kommunen framheva i sin høyringsuttale at retningslinjer i ein regional plan ikkje måtte være utforma på ein måte som hindra kommunen i å gjere planvedtak som kunne komme i strid med regionplanen, og at den måtte utformast på ein måte som gjorde at den ikkje kunne nyttast som grunnlag for innsigelse mot kommunale planvedtak. Uttalelsen understreka og at interkommunalt og regionalt planarbeid må koordinerast. Det kan ikkje vere slik at fylkeskommunen ikkje tar hensyn til kommunen sine planer og planstrategiar når regionale planar vert utforma.

Uttalelsen til Kvinnherad kommune er ikkje blitt tatt hensyn til av fylkeskommunen. Planen er tvert imot gitt eit innhald som går på tvers av kommunalt sjølvtyre, og som ikkje respekterer lokal plankompetanse eller plan- og bygningslova si kompetansefordeling mellom kommune og fylkeskommune. Planen har og eit planfaglig innhald som Kvinnherad kommune meiner manglar sakleg begrunning.

Dette er grunnen til at Kvinnherad kommune meiner departementet enten må oppheve planvedtaket – eller vesentlig endre innhaldet. Kvinnherad kommune imøteser gjerne dialog med departementet i forbindelse med departementet si behandling av saka.

2. Kvinnherad kommune støtter uttalelsene fra Tysnes kommune og Austevoll kommune

Kvinnherad kommune er kjent med breva der og Austevoll kommune og Tysnes kommune har bedt om at departementet opphever eller endrar fylkeskommunen sitt planvedtak. Austevoll kommune sitt skriv er datert 07.12.2017, medan Tysnes kommune sitt brev er frå 11.12.2017.

Kvinnherad kommune gjer si fulle tilslutning til dei synspunkt som kjem til uttrykk i disse breva. Det er difor unødvendig å gjenta dei poenga som kjem til uttrykk frå Austevoll og Tysnes.

Kvinnherad kommune ser det som lite tenleg at det vert vedtatt ein fylkeskommunal regional plan som ikkje respekterer kommunen sine egne planprosessar – og der fylkeskommunen i planprosessen har vore lite lydhør overfor kommunen sine innspel.

Den regionale planen sine arealdisponeringar og retningslinjer legg i svært liten grad til rette for å sei JA til næringsvirksomhet og nyskaping – ut over det allereie eksisterande planar gjer. Planen framstår som ein «NEI-plan», som legg begrensingar og hinder. Den har i liten grad arealdisponering og planavklaring som kan komme befolkning og næringsliv til gode. Det er ikkje en plan for å bringe regionen inn i framtida. I lys av at planen har som viktige siktemål å legge til rette for sjøtransport, maritim næring og akvakultur – så kan Kvinnherad kommune vanskeleg sjå at den vedtekne regionale planen medvirker til å fremje desse formåla.

3. Planens arealdisponering til Grøntstruktur – Landskapsområde savner planfaglig begrunnelse

Kvinnherad kommune legg til grunn at ein regional plan ikkje skal gå lenger enn å gje retningslinjer for forhold som krever løysingar på tvers av kommunegrensene, og som kvar enkelt kommune dermed ikkje kan løyse på ein hensiktsmessig måte gjennom sine egne kommuneplanar og reguleringsplanar. Vi oppfattar og at dette er plan- og bygningslova sitt utgangspunkt.

Kvinnherad kommune meiner den regionale kystsonenplanen, med arealdisponeringar og retningslinjer, går mykje lenger enn det som er naturleg i ein regional plan, og langt inn på det som bør være den enkelte kommunes ansvars- og kompetanseområde.

Kvinnherad kommune reagerer særleg på at det i planen er teikna inn store områder på land, og i strandsona på områda i Rosendal, Mauranger, Fjelbergøy/Borgundøy og Halsnøy, som er markert som *Grøntstruktur: Landskapsområde*.

Planens arealdisponering til *Grøntstruktur: Landskapsområde* går for det fyrste mykje lenger inn på land enn det som er naturleg i ein kystsonenplan. For det andre arealdisponerer arealer til *Grøntstruktur: Landskapsområde* i områder der dette er heilt unaturleg, og til dels i tettbygde

strøk. Markeringen av *Grøntstruktur : Landskapsområde* i plankartet framstår etter Kvinnherad kommune sitt syn som vilkårlig.

4. Henstilling til departementet om omgjøring/ending

Kvinnherad kommune meiner det mest naturlege er at departementet opphever fylkeskommunen sitt planvedtak. Dette fordi dei feil og manglar som hefter ved planen, saksbehandlinga og planprosessen, vanskelig kan avhjelpast. Det vil vere vanskeleg for departementet å føreta ei full saksbehandling, og på dette grunnlag fastsette endra retningslinjer.

Men om departementet likevel vil ta sikte på å endre planen, vil Kvinnherad kommune gjerne medvirke slik at departementet får eit best mogeleg grunnlag for å treffe eit godt og hensiktsmessig nytt vedtak.

Rosendal 13. desember 2017

Med vennlig helsing

Kvinnherad kommune

Peder Sjo Slettebø
Ordfører

Odd Ivar Øvregård
rådmann

Brevet er signert elektronisk og har difor ingen underskrift